



VEDTEKTER FOR RENOVASJONSORDNINGA

SANDØY KOMMUNE

LOVGRUNNLAG

Lov om vern mot forureiningar og om avfall §§ 30 og 34.

§ 1 Område

Vedtektene gjeld for **HARØY** og **FINNØY** i Sandøy kommune.

§ 2 Type eigedommar

Vedtektene gjeld for alle bebygde eigedommar som blir nytta til bustad og fritidsbustad..

§ 3 Oppsamlingsutstyr

Til oppsamling av hushaldningsavfallet deler kommunen ut 1 stk 140 liters plastdunk for restavfall, og 1 stk 140 liters plastdunk for papiravfall pr. abonnent. Eigar av fritidsbustad får utdelt 10 sekkar ved å vende seg til sørvistorget. Kommunen kjøper inn og eig dunkane, abonnenten er ansvarleg for stell av dunkane. Vidare er abonnenten ansvarleg for eventuell skade som bruken av dunken kan medføre på person og eigedom. Dette gjeld likevel ikkje bil og mannskap til renovatøren.

Det blir høve til å kjøpe ekstrasekker.

§ 4 Type ordning

Ordninga er tvungen og gjeld hushaldningsavfall. Det skal normalt vere 1 sett dunkar pr. husvære. Etter søknad kan kommunen godkjenne at 2 små husvære, eller 1 husvære og hyblar nyttar same sett. Avfallet skal sorterast slik det går fram av melding frå kommunen.

Frå fritidsbustad kan avfallet leverast samfengt. Hushaldningane kan levere gebyrfritt EE avfall og farleg avfall (tidlegare spesialavfall) på miljøstasjon i Breivika.

§ 5 Plassering av dunk

Dunken for papir må sikrast slik at ikkje papiret blir vått, t.d. ved at vinden løftar opp lokket. Reinhold av dunkar er huseigar sitt ansvar.

På hentedagen, før annonsert tidspunkt, skal dunk bringast fram til veg som kan køyrast med renovasjonsbilen. Den skal plasserast 2-5 meter frå vegkanten. Den skal plasserast slik at det ikkje er til fare eller ulempe for dei som brukar vegen.

Eigarar av fritidsbustader må syte for å bringe sekken fram til offentleg veg på hentedag.

§ 6 Avfall som kan leverast

I oppsamlingsdunkane skal det berre leggest den type avfall som dunken er tenkt til. Dunkane skal ikkje overfyllast, lokket skal slutte tett til dunken. Orientering om type avfall vil bli gitt i særskilt orienteringsskriv.

I dunkane /sekken må ikkje leggest:

Flytande avfall, større metallgjenstandar, varm aske, stein, jord, eksplosivar, sjølv-tennelege / etsande stoff eller medisinrestar o.l

Restavfallet blir henta ein gong i veka, anna kvar veke for dei med kompostavtale.

Papp og papirdunken blir henta 12 gonger i året.

Rådmannen avgjer kva slag avfall som kan leverast og til kva tider (dagar) leveringa kan skje. Eventuelle andre praktiske ordningar ved renovasjonen kan avgjerast av rådmannen.

§ 7 Gebyr

For renovasjon betalar kvar huseigar eit fast årleg gebyr fastsett av kommunestyret (heilt gebyr).

Dei med komposteringsavtale betalar 60% av heilt gebyr.

Eigar av fritidsbustad betalar 30% av heil gebyr.

Rådmannen fastset gebyret for ekstrasekkar, og gebyrsatsar for næringsavfall etter kva type teneste som blir abonnert på.

Gebyr blir krav inn som etterskot kvart kvartal.

§ 8 Endring av gebyrgrunnlag

Huseigar skal melde frå til teknisk etat dersom det blir flytta frå huset/husværet i lenger tid og det ikkje lenger er bruk for å vere med i renovasjonsordninga. Oppseiinga kan ikkje gjelde for kortare tid enn eit halvt år for bustadhus og 1 år for fritidsbustad. Oppseiinga skal vere skriftleg og gjeld frå den første i mnd. etter motteken oppseiing. Huseigar pliktar å melde frå ved alle endringar i bruken av bygget.

§ 9 Næringsavfall

Både private og offentlege verksemder kan knyte seg til ordninga etter nærare avtale med kommunen.

§ 9 Unntak

Rådmannen kan i særlege høve gjere unntak frå desse vedtektene.

§10 Klage

Vedtak etter denne vedtekta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Klageorgan er kommunen si klagenemnd.

§ 11 Vedtak

Denne vedtekta gjeld frå 01.06.05.